

Naboar,
andre organisasjonar
offentlege instansar

Stord, 18.02.2019

Melding om oppstart av reguleringsplanarbeid

- Detaljregulering for Angelskår akvakultur. Osterøy kommune

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt oppstart av detaljregulering for Angelskår akvakultur, i Osterøy kommune. PlanID: 12532019001.

Planarbeidet er ei detaljregulering av akvakulturområde på Angelskår. Arealet er avsett til akvakulturføremål i gjeldande kommuneplan for Osterøy. I kommuneplanen er det sett krav om reguleringsplan ved vesentlege endringar for akvakulturføremål, jf. § 6.9. Med bakgrunn i denne føresegna vert det starta opp planarbeid for området. Planarbeidet er i hovudsak i samsvar med gjeldande kommuneplan til Osterøy. Planområdet er avklara med kommunen.

I dag har Lerøy Vest/Sjøtroll Havbruk godkjente lokalitetar og konsesjonar for drift på to anlegg i området; Angelskår og Kvamme. I sist kommuneplanprosess er det avsett areal til akvakultur slik at lokaliteten Kvamme er inkludert i området ved Angelskår. Lerøy Vest/Sjøtroll Havbruk har ønskje om å ta vekk stålanlegget på Kvamme og samle heile produksjonen på ein utvida lokalitet på Angelskår. Total mengde biomasse skal ikkje aukast i området. Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for etablering av akvakulturanlegg på Angelskår, der ein skal regulere areal for akvakulturanlegg beståande av 12 merdar, fôrflåte m.m. på sjøflata og tilhøyrande fortøyingsliner/ ankerfeste. Sett i høve til dagens løyve for lokaliteten vil reguleringsplanen legge til rette for flytting av anlegget, større anlegg, samt overføre produksjonsvolumet (MTB) frå Kvamme til lokaliteten på Angelskår. Planarbeidet vil halde seg til avsett areal til akvakultur, einbruk eller i kombinasjon med andre føremål, i gjeldande kommuneplan til Osterøy, samt avklaring kring avvik for areal mot land ref. dialog med kommunen for fastsetting av plangrensa. Det er planlagt for at 3 fortøyingsboltar vert plassert 10-13 m og 2 fortøyingsboltar ca. 2 m lengre inn mot land enn gjeldande areal i KPA. Djupna der ankerfesta er planlagt er på om lag 30 meter djupne, og såleis vil fortøyingslinjene også ligge djupt.

Tiltakshavar er Lerøy Vest/Sjøtroll Havbruk og det er gjennomført oppstartsmøte 04.01.2019 med plankonsulent og Osterøy kommune. Planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet er å finne på nettsida til kommunen, arkivsakID 18/1942

(https://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2018001942&)


Plansituasjon og plangrense

Planområdet er om lag 1470 daa, og omfattar sjøareala ved Angelskår. I gjeldande kommuneplan er planområdet sett av til Akvakultur, VA6, og kombinert føremål som inkluderer akvakultur, VKA6. Ein mindre del av planområdet omfattar bruk og vern av sjø og vassdrag mot land. Føremålet akvakultur er område som inkluderer vassøyle og sjøbotn for akvakulturverksemd. Kombinert føremål gjeld oppankringsområde for akvakulturanlegg.


Planområdet er avgrensa med bakgrunn i behov for areal til overflateanlegg (merdar, fortøyingsramme og fôrflåte), samt fortøyingsliner og ankerfeste innanfor Osterøy sine kommunegrenser. Overflateanlegget er

planlagt innanfor areal avsett til akvakulturføremål. Fortøyingslinjer og ankerfeste er i planlagt innanfor areal avsett til kombinert føremål, samt 5 ankerfeste innanfor bruk og vern av sjø og vassdrag.

Avgrensing av planområdet er vist på vedlagt kartutsnitt, og i figur under.



Figur: Planområde som no vert meldt oppstart på. Bakgrunnskartet er gjeldende kommuneplan.



Figur: Illustrasjon av planlagt anlegg. Bakgrunnskartet er gjeldende kommuneplan. Mindre endringar og justeringar kan bli gjort frå dette til planframlegget.

Deler av fortøyingssona frå det nye anlegget vil gå innanfor grensene til Bergen kommune. Areala i Bergen kommune er avsett til Bruk og vern av sjø og vassdrag. Føresegnene i gjeldande kommuneplan seier ikkje noko spesifikt om dette føremålet eller akvakultur/fortøyingsliner. Reguleringsplanen omfattar berre areala i Osterøy kommune. Framtidige tiltak innanfor Bergen kommune sine grenser vil verta avklart med kommunen.

Konsekvensutgreiing

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova, og etter kommunen si vurdering utløyser ikkje planen krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing. Dette med bakgrunn i at planarbeidet er i samsvar med gjeldande overordna plan og skal allereie vere konsekvensutgreia. Etter kommunen si vurdering vil planen heller ikkje få vesentleg verknad for miljø og samfunn som vil komme inn under § 10 i forskrift om konsekvensutgreiing. Sjå også vurdering i planinitiativ.

Sjølv om det ikkje er krav om konsekvensutgreiing skal relevante fagtema skildrast i planomtalen, jf. plan- og bygningslova sin § 4-2, 1. ledd. Det er lagt til grunn at ein skal, for alle fagtema, vurdere verknader av planframlegget for tiltak på sjøoverflata og av fortøyingar/ankerfeste. Tema som vert særleg vurdert er naturmangfald (anadrom fisk, nasjonal laksefjord mfl.), miljøforhold, landskap, nærmiljø/friluftsliv/strandsone, kulturminne, fiskeri og ferdsel på sjø, samt samfunnsverknad. Sjå også liste i planinitiativ og referat frå oppstartsmøte.

Merknader og medverknad

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg innan **høyringsfristen 21.03.2019**

Postadresse: ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no eller turid@abo-ark.no

Er det spørsmål til planarbeidet kan underteikna kontaktast på e-post turid@abo-ark.no eller telefon: 905 22 958

I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet, i samsvar med krav til medverknad i plan- og bygningslova. Ein vil halde seg til PBL sine krav til medverknad, kunngjeringar/høyringar. Det vil undervegs bli vurdert å halde møte med regionalt mynde og grunneigarar/særskilt interesserte i nærområdet dersom arbeidet viser at det er eit vesentleg behov for det.

Vidare arbeid

Dette brevet er første fase i planarbeidet og er eit varsel om oppstart av planarbeid i området ved Angelskår. Sjølve planframlegget med detaljar for planlagt situasjon vil verta sendt på høyring seinare i prosessen.


Etter at fristen for merknader er gått ut, vil ABO utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så bli sendt Osterøy kommune for handsaming. Alle mottekne dokument, merknader o.l. føl planforslaget når det blir oversendt Osterøy kommune for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit til å spele inn merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Ved vennleg helsing
ABO Plan & Arkitektur Stord AS


Turid Verdal

Vedlegg

- Planområdet




Reguleringsplan for
akvakulturområde Angelskår
- Planområde

Plangrense

Målestokk, A4 1:10 000






Reguleringsplan for
akvakulturområde Angelskår
- Oversiktskart

Planområdet

Målestokk, A4 1:150 000



Osterøy kommune

Melding om oppstart av reguleringsplanarbeid

ABO Plan & Arkitektur Stord gir med dette i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-8 melding om at det startar arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for **Angelskår akvakulturanlegg**



Føremålet med planen er å slå saman to eksiterande anlegg og samle produksjonen på ein utvida lokalitet på Angelskår (Kvamme + Angelskår). Produksjonsvolumet i området skal ikkje auke. Areala vil bli regulert til akvakultur, einbruk og i kombinerte føremål. Planarbeidet er i hovudsak i samsvar med gjeldande kommuneplan. Tiltakshavar er Lerøy Vest/Sjøtroll Havbruk. Planområdet er ca. 1470 dekar.

Dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart (grunneigarar, rettshavarar, naboar, offentleg mynde m.m.) vil få dette tilsendt i posten. Sjå ABO Plan & Arkitektur eller Osterøy kommune sin nettstad for meir informasjon.

Planen medfører etter kommunen si førebelse vurdering ikkje krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova.

Eventuelle merknadar eller opplysningar som bør leggjast til grunn for planlegginga kan sendast til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Pb. 32, 5401 Stord
eller poststord@abo-ark.no

Merknadar skal sendast skriftleg innan **21.03.2019**.

Kopi av merknadar m.m. skal i tillegg sendast til kommunen.

Merknadar til varsel om oppstart

Abo Plan & Arkitektur Stord AS

Torgbakken 9

5411 STORD

Adm.eining: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 19/2651

Dykkar
referanse:

Dato: 13.03.2019

Osterøy kommune Hordaland - Varsel om oppstart av detaljregulering for Angelskår akvakultur - uttale til oppstartsmelding

Vi viser til brev av 18.02.2019 frå dykk med varsel om oppstart av detaljregulering for Angelskår akvakultur i Osterøy kommune.

Føremål og planstatus

Føremål med reguleringsplanen er å leggje til rette for etablering av akvakulturanlegg i eit sjøområde ca. 1470 daa stort ved Angelskår. Tiltakshavar er Lerøy Vest/Sjøtroll Havbruk (Lerøy-Sjøtroll) som har løyve til å drive oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13563 Angelskår og lokalitet 13831 Kvamme. Lerøy-Sjøtroll ønskjer å fase ut stålanlegget på lokalitet Kvamme og i staden samle heile produksjonen på ein utvida lokalitet på Angelskår. Ifølgje oppstartsmelding vil reguleringa omfatte areal for eit akvakulturanlegg bestående av 12 merdar, forflåte mm. på sjøoverflata med tilhøyrande fortøyningsliner og ankerfeste i vassøyla/på sjøbotn. I gjeldande kommuneplan er det aktuelle sjøområdet i hovudsak sett av som einkategori akvakulturområde (VA6), og som område for kombinerte føremål der akvakultur er medrekna blant arealføremåla (VKA6). Kommuneplanen sett krav til reguleringsplan ved vesentlige endringar for akvakulturføremål, jf. § 6.9.

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest

Vår vurdering er at regulering for akvakultur vil være i samsvar med kommunen sin arealplan som sett krav til reguleringsplan ved større endringar jf. § 6.9 i føresegnene; «For eksisterande lokalitetar er det krav om reguleringsplan ved vesentlege endringa. Med vesentleg endringar meinast større utviding av anlegg, skifte av type anlegg og liknande (PBL § 11-9, nr. 4)». I følgje våre kartdata (<https://kart.fiskeridir.no/plan>) er det ikkje registreringar som tilseier at regulering for akvakultur vil medføre vesentlig auka konfliktpotensial med utøving av fiske eller medføre vesentlig auka trugsmål for bevaring av det marine biologisk mangfaldet. Vi ber samstundes om at fiskarane sine interesseorganisasjonar får høve til å delta gjennom planprosessen og kome med sine innspel. Vi henviser her Fiskarlaget Vest, vest@fiskarlaget.no, tlf. 55553980 / 454 76360.

Fiskeridirektoratet region Vest ber om å få planen på høyring når den er klar for offentleg ettersyn.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Abo Plan & Arkitektur Stord AS Torgbakken 9 5411 STORD

Kopi til:

Fiskarlaget Vest Slottsgt. 3 5003 BERGEN
Fylkesmannen i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Regionalavdelinga
Kystverket Vest Postboks 1502 6025 ÅLESUND

Turid Verdal

Fra: Post ABO Stord
Sendt: 20. mars 2019 09:27
Til: Turid Verdal
Emne: VS: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Angelskår akvakultur - PlanID 12532019001 - Osterøy kommune

Fra: Toralf Otnes <toot@nve.no>
Sendt: 20. mars 2019 08:31
Til: Post ABO Stord <poststord@abo-ark.no>
Emne: VS: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Angelskår akvakultur - PlanID 12532019001 - Osterøy kommune

Prøver igjen med rett adresse.

Med helsing

Toralf Otnes
Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: toot@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Toralf Otnes
Sendt: onsdag 20. mars 2019 08.28
Til: 'ABO Plan & Arkitektur Stord AS' <stordpost@abo-ark.no>
Kopi: 'Osterøy kommune' <post@osteroy.kommune.no>
Emne: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Angelskår akvakultur - PlanID 12532019001 - Osterøy kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 18.02.2019.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene er vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon og skred

God arealplanlegging er det viktigaste virkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggt teknisk forskrift (TEK17) set tydelige krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (VRL). Dersom det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet.

NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på https://url12.mailanyone.net/v1/?m=1h6VhE-0004P3-56&i=57e1b682&c=i58Pb0_Ifgb0mHmFxxjnT8ljHLJoHHSWJFFgpzKOh_PKeGQ-kfRq-ukPThxsHSf2OVteRRs-_2R_a4ausVccjHGyJ6S-RBNcNjSFSz-SgsO-bV1PC1_KSqrXV_ZU8KA4aFe6NVug72PqO27hzId0D78vcBE7Y7UIoIa3MjDwJP3dPGSaiNueI2PksYW4qUkjNTIW_IsQFEsB0HSGIRFhV-ENUwYctXxDSBPPEiupzw.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#). Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Toralf Otnes

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: toot@nve.no

Web: www.nve.no



Til ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Merknadar til planar for framtidig utvida fiskeoppdrett ved Angelskår, Osterøy. Følgjande uttale er gjort etter eit fellesmøte med folk busette på Eikeland og Angelskår. Tilsaman er her 26 husstandar. Anlegget utanfor Angelskår er like synleg og høyrbart på det meste av Eikeland som det er nærare sjøen.

Historikk.

Tradisjonelt var tilgang til sjøen og fri ferdsel på den grunnlaget for busetnaden både på Eikeland og i Angelskår. Frå Eikeland, som ligg på eit platå godt og vel 100 meter over havet, gjekk det sti ned til nausta gardane hadde ved sjøen. Bilvegen til Valestrand kom først i 1972. Vi registrerer at oppretting av fiskeanlegg rett utanfor naustdørene, med dei begrensingar dette medfører for nausteigarane, slår ein strek over ein eldgamal tradisjon. I tillegg er det slik at den opne fjorden med vekslende ver, vind og årstider ein livskvalitet for oss å ha der. Utsikten er ein av hovudgrunnane for at vi bur her.

Kontakt og varsling.

Oppdrettsanlegget i fjorden kom for ein del år sidan, og med stigande skepsis har vi sett korleis det har vakse seg større og teke for seg eit stadig større areal av sjøen vi ser ned på. Det er fleire ting som bekymrar oss. På generell basis er det dette med dyrevelferd, tronge merdar og dårlege tilhøve for fiskane som går der. Anlegget ved Angelskår har også si historie med sjukdom og død fisk, rømming ut i fjorden og slike ting som er ein risiko for dei fleste anlegg. Og sjølv om fjorden er svært djup, veit vi at ein stad nede på botnen hamnar det som anlegget slepp frå seg. **Som naboar saknar vi direkte og rask informasjon dersom noko skulle skje med anlegget: Varsling av ulukke, melding om sjukdom i merdane som medfører tiltak, og anna som har betydning for oss som naboar og som nyttar sjøen og nærområdet. No når anlegget skal byggjast ut, ønskjer vi at ein slik plan blir etablert.**

Tilgang, merking og bruk.

Tilgangen til sjøen er blitt heilt anleis etter at anlegget kom. Tidlegare var det råd å fiska langs med land, både frå strandsona med stang og frå båt. No er den smale korridoren mellom oppdrettet og land full av liner og forankringspunkt. Det er også forbudt å fiska nær inntil anlegget. **Vi har eit ønskje om skikkeleg merking på land slik at vi ser kva soner som er frie for ankerpunkt og liner utover i fjorden.**

Helgedagsfred, bråk og lyssetjing.

Det som vekkjer størst bekymring og irritasjon, er støy og lyssetjing til alle tider på døgnet året rundt. Vi har erfart dette gjennom nokre år at helgedagsfred er eit framandord i denne næringa. Det kan mest virka som det er i helgene ein set inn ekstra ressursar for å få ting gjort. Det kan liggja store skip med flomlys og kvinande taljer heile nettene. Søndagar, jule - og påskehelg gjer ingen skilnad. Å ha eit oppdrettsanlegg liggjande så nær bustadhusa og med ei slik drift, er som ha å ein tungindustri med døgnskift rett utanfor stovedøra. Det er til stor sjenanse, det fører til nedsett livskvalitet for oss som bur her, og sjølv sagt også til nedsett verdi på hus og eigedom. **Vi vil oppfordra dei som driv anlegget til å overhalda helgedagsfreden - og ikkje gjera stikk motsett! Der det går an å redusera støy, vil vi setja pris på om tiltak blir sette inn for å få det til.**

Forureining og estetikk.

Vi er også bekymra for at nærområdet vårt skal bli forslumma og bera preg av eit anleggsområde. Restar av tidlegare drift står framleis att, til dømes stolpar med kablar på land som for lengst har gått ut på dato. Vi vil at driftarane av anlegget også tek eit estetisk ansvar. **Det er eit ønskje om at anlegget, forflåten og bygg på den, får ei utforming som passar inn i det maritime miljøet, og at maling og vedlikehald vert gjennomført. Vidare må restar etter tidlegare anlegg som ikkje er i bruk, ryddast skikkeleg opp i.**

KONKLUSJON: Vi trur at ein betre kommunikasjon kan hjelpa med å senka frustasjonsnivået hjå oss naboar til oppdrettsanlegget ved Angelskår. Dersom de i tillegg kan komma oss i møte med dei sakene som er til størst irritasjon, er vi komne eit godt stykke vidare.

Kontakt for gruppa Angelskår/Eikeland: Kristoffer Foldøy, Eikeland 61, 5281 Valestrandsfossen. Mail: krifolder@gmail.com Tlf 47618124

UNDERSKRIFTER frå busette på Eikeland og i Angelskår.

Jorunn Haugland Sleire	Ivar Eikeland
Inge Leif Sleire	Liv Eikeland
Ruth Teigland Foldøy	Espen Skaar
Kristoffer Foldøy	Jonny Hausberg
Bjørn - Tore Henriksen	Lisa Auganes
Mona Angelskår	Gaute Hasti
Egil Halvor Dale	Line Hasti
Ole Angelskår	Liv Norunn Eikeland
Bjarte Fonn Angelskår	Asbjørn Eikeland
Mary Johanne Wiik	Per Ivar Eikeland
Marianne Eikeland	Trine Haugland
Robert Stamnes	William Birkeland
Ingebjørg Henny Sleire	Johannes Haugland
Grethe Skaar	Ingunn Haugland
Rolf Skaar	
Kjell Angelskår	
Marit S. Angelskår	
Kristin Sundal	
Heine Tjoflot	
Elin Elisabeth Eggen	
Ove Tepstad	
Marianne Tepstad	
Solfrid Eikeland	
Erik Eikeland	



Abo Plan & arkitektur

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Att. Turid Verdal

Uttale til oppstart av detaljregulering av Angelskår akvakultur i Osterøy kommune.

Vi viser til melding om oppstart av detaljregulering for Angelskår akvakultur. Ifølge oppstartsmelding er planarbeidet i hovudsak i samsvar med gjeldande kommuneplan for Osterøy. I kommuneplanen er det sett krav om reguleringsplan ved vesentleg endringar for akvakulturføremål, jf. § 6.9.

Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for å avvikle drifta på Kvamme og overføre produksjonsvolumet (MTB) frå Kvamme til eit større anlegg på Angelskår.

Fylkesmannen sine innspel

Verknaden av planen

Reguleringsplanen må omfatte skildringar og vurderingar på ein slik måte at ein er trygg på at planens reelle verknader for miljø og samfunn kjem fram, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Verknadene av planen må synast og dei ulike interessene i området må skildrast. Fylkesmannen er særleg oppteken av reguleringsplanen synleggjer, samlar og tek i bruk det kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg. Gjennom kunnskapsbaserte planprosessar kan ein sikre god balanse mellom bruk og vern av ressursane, sameksistens mellom dei ulike interessene og forebygge arealkonfliktar. Verknader for landskap, plante- og dyreliv, helseutfordringar, vassutskifting, støy, friluftsliv, fiske, naboar, m.v. er alle utgreiingstema som må vurderast og fangast opp i planskildringa. Vi minner særskild om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7- 12.

Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Fylkesmannen er nøgd med at oppstartsmeldinga klargjer at sjølv om det ikkje er krav om konsekvensutgreiing skal relevante fagtema skildrast i planskildringa. Tema som skal særleg vurderast er naturmangfald (anadrom fisk, nasjonal laksefjord mfl.), miljøforhold, landskap, nærmiljø/friluftsliv/strandsone, kulturminne, fiskeri og ferdsel på sjø og samfunnsverknad.

Fjordane innanfor Byfjorden er i ein situasjon med redusert miljøtilstand, ein trend som har vart lenge og som ser ut til å få konsekvensar for utsleppa i fjordområdet. Dette er eit område som ikkje



er eigna for å auke utsleppa, dvs. auke produksjonen med dagens oppdrettsteknologi. Fylkesmannen legg til grunn at dette vert vurdert under tema miljøforhold i planskildringa.

Risiko og sårbarheit

Plan- og bygningslova § 4-3 set krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging, jf. pbl. § 4-3.

Om føresegner til planen

Detaljreguleringsplanen skal avklare dei arealmessige endringane, samt tydeleggjere interesser og verdiar som planmyndigheita må ta omsyn til. Pbl. § 12-7 gjev rammer for kva det kan gjevast føresegner om i reguleringsplan. Lista er uttømmande. Føresegnene skal supplere arealføremåla, men kan ikkje legge føringar for sjølve drifta.

Vi rår til varsemd ved bruk av føresegner, då søknader om lokalitetsavklaringar uansett skal gjennom ei grundig konsesjonshandsaming etter akvakulturlova. Næringa må ha ein viss fleksibilitet, men det kan vere tenleg å stille nokre krav til utforming (herunder estetiske krav), eventuelle forbod mot former for bruk (herunder byggegrenser), støykrav m.v., for å fremje føremålet med planen, avvege interesser og ivareta ulike omsyn i eller av omsyn til forhold utanfor planområdet.

Forankringsanlegg

Vi meiner det er bra at reguleringsplanen skal ta med forankringsanlegget. Det vil vere av betydning for andre interesser (t.d. fiskeri, friluftsliv, forsvar, nabokommune) å få vite kor dei ligg. Om det ikkje er råd å vise eksakt plassering i ein reguleringsplan, må det regulerast tilstrekkeleg med areal til dette føremålet. Arealplan som omfattar fleire heilt eller delvis geografisk samanfallande vertikalnivå, skal ha separate kartutsnitt for kvart nivå når dette er naudsynt for å sikre at planen er eintydig og enkel å forstå, jf. kart- og planforskrifta § 9 tredje ledd. Detaljreguleringsplan kan innehalde vertikalnivå under grunnen, på grunnen/vassoverflata, over grunnen, på botnen og i vassøyla.

For å sikre god framdrift i planprosessen stiller Fylkesmannen difor gjerne på møter saman med kommunen, dersom det er ønskjeleg for å avklare vesentlege nasjonale interesser tidleg.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:



Osterøy kommune Rådhuset 5282 LONEVÅG

Turid Verdal

Fra: Per Ivar Eikeland <perieike@online.no>
Sendt: 20. mars 2019 21:14
Til: Turid Verdal
Emne: Detaljregulering for Angelskår akvakultur. Osterøy kommune

Oppfølgingsflagg: Flag for follow up
Status for flagg: Flagget

Merknader til planer for fiskeoppdrett v/ Angelskår

- Adgang til eiendommene fra sjøsiden må ikke hindres/blokkeres på noen måter.
- Lakserett fra gammalt av, må respekteres og ikke bli hindret hvis/når de kan brukes igjen.
- Det er i dag en del støy fra anlegget som er der. Støyen bør måles over en tidsperiode. For så eventuelt å sette inn tiltak.

MVH

Per Ivar Eikeland (Grunneier 1253 - 131 /2 og 4)
Hjellestadvegen 4D
5258 Blomsterdalen



KYSTVERKET

Vest

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2015/2489-11

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Turid Susort Jansen

Dato:
27.02.2019


Uttale til varsel om oppstart av planarbeid, akvakulturlokalitet 13563 Angelskår - Osterøy kommune - Hordaland fylke

Viser til brev av 18.2.2019 vedkomne ovannemnde.

Det varslas start av detaljregulering av akvakulturområde med lokalitet 13563 Angelskår i Osterøy kommune. Lerøy Vest/Sjøtroll Havbruk AS ønsker å legge ned nabolokaliteten 13831 Kvamme og konsentrere drifta på lokalitet Angelskår.

I plansamheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet.

Farleia «2260- Sørfjorden» går inn fjorden. Det grøne arealet i bilde nedanfor viser kor staten (Kystverket) har mynde etter hamne- og farvasslova, og er det geografiske arealet til farleia jf. *Forskrift om farleder* (FOR-2009-11-30-1477).



Planområdet strekker seg ut i Sørfjorden mot kommunegrensa i sjø. Planområdet går inn i arealavgrensinga til farleia.

Sjøtrafikldata viser at dei største fartøya går midtjfjords. Dei mindre fartøya (under 70 meter) fordeler seg i heile bredda i fjorden.

Bilda nedanfor er henta frå «Kystdatahuset» og viser sjøtrafikken (nyttetrafikken) frå januar 2017 til desember 2017 gjennom ei passeringslinje.

Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:

Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Fartøy over 70 meter lengde:


Antall passeringer i gjeldende utvalg

Viser 218

Aktive filter: Lengdegruppe (70-100 m).

TILBAKESTILL ALLE AKTIVE FILTER

Passeringer (viser inntil 2 000)



Dypt-gående:

8

Største lengde:

95


Største bredde:

22

Største høyde:

27

Passeringer etter lengdegruppe



TILBAKESTILL • LAST_NED_SVG • LAST_NED.PNG

Fartøy i alle lengdegrupper:


Antall passeringer i gjeldende utvalg

Viser 851

Aktive filter: Lengdegruppe (70-100 m, 50-70 m, 24-50 m, <24 m).

TILBAKESTILL ALLE AKTIVE FILTER

Passeringer (viser inntil 2 000)



Dypt-gående:

8

Største lengde:

95


Største bredde:

22

Største høyde:

27

Passeringer etter lengdegruppe



TILBAKESTILL • LAST_NED_SVG • LAST_NED.PNG

Mykje av sjøtrafikken av dei minste fartøya er knyta til drifta av omtalte lokalitetar.

Kystverket har vurdert at tiltaket kan koma i konflikt med farleia.

Akvakulturlokalitetar skal alltid handsamast av Kystverket etter hamne- og farvasslova og tiltaksforskrifta (FOR-2009-12-03-1449). For at Kystverket skal kunne godkjenne ein lokalitet så tett inn til ei farlei, må anlegget sine ytterpunkt (gule blåser) ikkje koma vesentleg lengre ut i farleia enn ved dagens plassering. Fortøyingane kan gå lengre ut, men må liggje djupare enn 25 meter når dei går ut av plangrensa.

Kystverket går ikkje imot reguleringsplanen, men viser til vår vurdering av tiltaket etter hamne- og farvasslova.

Med helsing

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



KYSTVERKET

Vest

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2015/2489-12

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Turid Susort Jansen

Dato:
25.03.2019

Endring av uttale til varsel om oppstart av planarbeid, akvakulturlokalitet 13563 Angelskår - Osterøy kommune - Hordaland fylke.

Viser til dykkar brev av 18.2.2019, vår uttale av 27.2.2019, samt telefonsamtale med Turid Verdal den 7.3.2019. Kystverket finn grunn til å endre vår uttale til planarbeidet.

Kystverket har vore i kontakt med Lerøy Vest vedkomne mogleg ny plassering av lokalitet 16536 Angelskår – vist som blå rektangel i kart nedanfor.



Vi ser at planlagt plassering kjem lengre ut i farleia, men ikkje inn i kvit sektor for Hagelsund lykt. I lokalitetsklareringa vil Kystverket ha dialog med søkjar, slik at anlegget ikkje vert til hinder for sjøverdsferdsel.

Kystverket går ikkje i mot reguleringsplanen.

Kystverket burde gjort kommunen merksam på mogleg konflikt på dei einskilde akvakulturlokalitetande då kommunedelplan for sjø og strandsone var på høyring. At dette ikkje vart tilstrekkelig gjort ser vi er uheldig.

Med helsing

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, saksrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Eksterne kopimottakere:

Osterøy kommune	post@osteroy.kommune.no	5282	LONEVÅG
Lerøy Vest AS	nae@sjotroll.no	5397	BEKKJARVIK

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OS

Dato: 25.03.2019
Vår ref.: 2019/2043-8
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Innspel til varsel om oppstart av planarbeid, Angelskår akvakultur, Osterøy kommune

Vi viser til brev datert 18.02.2019 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Angelskår akvakultur. Hovudføremålet med reguleringa er tilrettelegging for akvakulturaktivitet, og føremålet er i hovudsak i samsvar med gjeldande kommuneplan i Osterøy. Arealet er avklara med kommunen. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Relevante planfaglege innspel

Oppstartsmeldinga gjer klart at kommunen vurderer at det ikkje vert stilt krav om konsekvensutgreiing for planområdet. Plantiltakets verknader vil likevel bli vurdert som del av vidare planprosess, og vi stiller oss samd i dei tema som vert trekt frem som særleg viktige i det vidare arbeidet. Det som vert trekt frem er naturmangfald, miljøforhold, landskap, nærmiljø/friluftsliv/strandsone, kulturminne, fiskeri og ferdsel på sjø, samt samfunnsverknad. Dette er viktige tema som vi ser frem til grundige vurderingar kring. Vi ber i tillegg til at ein gjer vurderingar kring moglege fjernverknader av tiltaket, og eventuelle avbøtande tiltak som kan redusere negative fjernverknader, utan at dette grip inn i tekniske omsyn, justert av sektorlovverk.

Akvakultur


Vi vurderer meldinga om oppstart som ansvarleg mynde for tildeling av akvakulturløyve og klarering av lokalitetar etter Akvakulturlova, og med ansvaret for å ivareta akvakulturinteressene i plansaker etter Plan- og bygningslova.

Føremålet med planarbeidet er detaljregulering av akvakulturområdet ved Angelskår. Arealet er avsett til akvakulturføremål i gjeldande kommuneplan for Osterøy vedteke 21.02.2018 med krav i føresegn om reguleringsplan ved vesentlege endringar.

Lokalitet 13563 Angelskår vart siste gong klarert etter akvakulturregelverket 11.07.2016. Her er det gjeve løyve etter akvakulturlova til å etablere eit anlegg for oppdrett av matfisk av regnbogeare med ein maksimal tillaten biomasse på 2340 tonn. Lokaliteten er godkjent for eit plastring anlegg bestående av 4 merdar på ei rekkje med tilhøyrande føringsflåte.

Noverande godkjent anleggsplassering med fortøyingar saman med tidlegare AK-område i kommuneplan, og noverande klarert overflateareal saman med gjeldande kommuneplan er vist i figuren under. Lerøy

Sjøtroll ønsker å flytte og utvide anlegget til 12 merdar med tilhørende foringsflåte på areal avsett til akvakultur i nyleg vedteken kommuneplan for Osterøy.



Figur 1. Noverande godkjent plassering med tidlegare Ak-område i kommuneplan til venstre, og noverande klart overflateareal saman med gjeldande kommuneplan til høgre.

Fylkeskommunen meiner at det er viktig å leggje til rette for akvakulturnæringa. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte næringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon, og at areala som vert sett av til dette formålet, vert utnytta på ein best mogleg måte.

Fylkeskommunen vil påpeike at arealplanar skal trekke opp rammene for arealbruken til akvakultur på eit overordna nivå, og at akvakulturnæringa elles vert regulert etter sektorlovgjevinga. Ein kommune skal ikkje gjennom arealplanar fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold om for eksempel produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormyndene har tilsynsansvar.

Akvakultur er framleis ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelsar, spelar stor rolle når det gjeld næringa si trong for areal. Det er difor viktig at detaljreguleringa med tilhørende plankart ikkje vert for detaljert. Det må vera muleg å søkje om justeringar og flyttingar av anleggsutstyr, fortøyingar, ankerfeste og/eller bruk av ny teknologi utan å måtte endre planen.

I Rundskriv H-6/18 (Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder) - frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) heiter det: «Det vil vanligvis ikkje være nødvendig med reguleringsplan for akvakulturanlegg. Normalt vil kommuneplan og lokalitetsavklaring etter akvakulturloven gi de nødvendige rammene for virksomheten.»

I meldinga om oppstart kjem det fram at relevante fagtema skal skildrast i planomtalen, og verknadene av planframlegget skal vurderast. Som forvaltar av akvakulturregelverket vil vi påpeike at opplista fagtema ville inngå i den etterfølgjande handsaming etter akvakulturlova.

KMD har i rundskriv H/6/18 slege fast følgjande :

«Kommunen må samordne bruk av bestemmelser i planen med behandlingen etter sektorlov der planen åpner for et tiltak som også krever tillatelse etter sektorlov. Kommunene bør være svært tilbakeholdne med å sette vilkår for akvakultur som reguleres av annet sektorregelverk, i sine arealplaner. Vilkår for godkjenning og drift av akvakultur fastsettes i lokalitetsgodkjenningssystemet som koordineres av fylkeskommunen.»

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på overnemnde i det vidare arbeidet med privat detaljregulering av akvakulturområde ved Angelskår.

Eva Katrine R. Taule
Konstituert plansjef

Snorre Waage
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Endre Korsøen, Klima- og naturressursseksjonen

Kopi til:

OSTERØY KOMMUNE

FYLKESMANNEN I VESTLAND

Turid Verdal

Fra: Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no>
Sendt: 22. mars 2019 10:08
Til: Jostein Aksdal
Kopi: Turid Verdal
Emne: RE: Detaljregulering Angelskår akvakultur Osterøy kommune

Vedr. Detaljregulering Angelskår akvakultur Osterøy kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke frå Hordaland fylkeskommune, 26.02.2019. Me beklagar seint svar grunna avvikling av feltarbeid.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Angelskår, Osterøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa.

Museet har derfor ingen merknader til den planlagde reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Thomas Bjørkeland
Marinarkeolog
55 54 96 11
marinarkeologi@bsj.uib.no

From: Jostein Aksdal <Jostein.Aksdal@hfk.no>
Sent: Tuesday, February 26, 2019 10:03 AM
To: Marinarkeologi@Bsj. Uib. No (marinarkeologi@bsj.uib.no) <marinarkeologi@bsj.uib.no>
Subject: Detaljregulering Angelskår akvakultur Osterøy kommune

Oppstart av planarbeid med akvakultur – innspel- merknader til planarbeidet?

Venleg helsing

Jostein Aksdal
Arkeolog - Seniorrådgjevar
Kultur og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren





ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Vår referanse: 2019/14128-9
Saksbehandler: Karen Elin Tvedt
Dato: 21. mars 2019
Deres ref.:

Hørings svar - Varsel om oppstart - Detaljregulering for Angelskår akvakultur, Osterøy kommune

Byrådet behandlet saken i møtet 21.03.2019 sak 1092/19 og fattet følgende vedtak:

1. Byrådet avgir høringsuttalelse til «Detaljregulering for Angelskår akvakultur, Osterøy» slik den fremkommer av byrådets forslag.

Høringsuttalelse:

«Tiltaksområdet ligger i Sørfjorden og vannforekomsten er klassifisert med en moderat økologisk tilstand. På Vann-nett står følgende kommentar under tilstandsvurderingen: "MOM-C undersøkelser har satt vannforekomsten til moderat på bunndyrsundersøkelser. Oksygenfritt [vann] på dypet øker i omfang. Stort problem. Naturlige endringer gjør resipienten mer sårbar. Byfjordsundersøkelser/overvåking pågår."

Byfjordsundersøkelsene viser en betydelig økning i antall bunndyr (makrofauna) og endringer i bunnfaunasammensetningen som viser en økende dominans av mer hardføre, opportunistiske arter. Sørfjorden skiller seg ut i denne undersøkelsen med hensyn til endringer i økologiske tilstander, lave oksygenverdier og økt utslipp fra både kommunale avløp og havbruk. Disse trendene kan bety at de undersøkte kystvannforekomstene har blitt mer sårbare for utslipp sammenlignet med tidligere år og at Sørfjordens kapasitet som resipient for utslipp fra avløp og havbruk har blitt redusert.

Samtidig har Bergen kommune v/VA-etaten, i samarbeid med NORCE Miljø (tidligere Uni Research) og Fiskeridirektoratet, nylig gjennomført et forprosjekt - *Marine miljøendringer og kilder til påvirkning i fjordsystemer omkring Bergen i perioden 1973-2016*. Resultater og erfaringer fra prosjektet har gitt et nytt og verdifullt perspektiv på metoder for beskrivelser av miljøtilstander. Prosjektet har bidratt til ny informasjon som indikerer at nåværende marin miljøovervåking med gjeldende tilstandsklassifiseringer ikke er tilstrekkelig egnet for påvisning av langsiktige, regionale miljøendringer. Det har blitt påvist et skifte i strukturen til bunnfaunasamfunnet som i stor grad sammenfaller med både menneskeskapt aktivitet og forringet vannkvalitet i fjordene.

Bergen kommune med VA-etaten har derfor søkt om et nytt forskningsprosjekt, sammen med NORCE Miljø, Fiskeridirektoratet og en rekke andre kommuner rundt Bergen. Det nye forskningsprosjektet - *Miljøtilstanden til fjordene omkring Bergen – Tåler fjordresipientene fremtidig befolkningsvekst og næringsutvikling*, har som hovedmål å kartlegge bæreevnen til flere resipienter i fjordsystemer omkring Bergen, og hvordan disse har endret seg over tid med hensyn til utslipp og påvirkning fra næringsvirksomhet (fiskeoppdrett) og bebyggelse (kommunale utslipp). Prosjektet representerer det første omfattende og vitenskapsbaserte studiet av den kombinerte naturlige variasjonen

(vannutskifting, nedbør) og regionale langtidseffekter av ulike menneskelige påvirkninger (utslipp) på det marine økosystemet i norske fjorder. En slik omfattende undersøkelse og dokumentasjon vedrørende langtidseffekt av miljøpåvirkning vil være viktig for 7 miljøforvaltningen i fremtidig kystsonoplanlegging med tanke på miljøvern, etablering av nye tettsteder langs kysten og næringsutvikling i det marine miljø.

Samtidig er Bergen kommune blitt pålagt å oppgradere sitt renseanlegg på Garnes for å redusere næringsbelastning og organisk belastning til fjordsystemet. Dette er en stor investering som vil koste mange millioner.

Bergen kommune mener at med bakgrunn i den negative utviklingen av miljøforholdene i Sjøfjorden bør belastningen av organisk materiale og næringsstoffer reduseres. Det nye planarbeidet omfatter endringer i lokalisering og størrelse på oppdrettsanlegg i Sjøfjorden. Dette er dermed en mulighet til å vurdere om nåværende driftsform er den rette eller om det bør legges om til et tett, forurensningsfritt oppdrettsanlegg, eller et anlegg med en teknisk løsning der virksomheten kan redusere utslipp av organisk og kjemisk materiale tilknyttet driften av anlegget. Dette vil redusere belastningen på fjordsystemet og kan i tillegg gi positive ringvirkninger med tanke på næringsvirksomhet knyttet til sirkulærøkonomi. Reduksjon i organisk belastning vil trolig være en forutsetning for å oppnå kravene om god økologisk og kjemisk tilstand i Sjøfjorden etter vannforskriften. Et såkalt lukket anlegg vil i tillegg kunne redusere smittepresset på de lokale lakse- og sjøørretbestandene i vassdragene tilknyttet fjordsystemet f.eks. Storelva, Vosso, Ekso, Daleelva, Loneelva og Romaheimselva. I tillegg til de større elvene tilknyttet fjordsystemet er der også flere mindre vassdrag og bekker med sjøørret.

For Bergen kommune er det viktig å poengtere at alle kommunene og virksomheter rundt fjorden må dra lasset sammen når det gjelder å gjennomføre tiltak for å redusere den organiske miljøbelastningen i fjordsystemet. Dette er særlig viktig for Sjøfjorden ettersom dette er en fjord med særlige utfordringer knyttet til økologisk tilstand. Dette er nå viktigere enn noen gang når nye undersøkelser har avdekket dramatiske endringer i oksygenivået i de dypere vannlagene i fjordene de siste 10-årene. Føre-var-prinsippet må legges til grunn ved videre næringsutvikling i Sjøfjorden, tilsvarende som det er gjort for oppgradering av avløpsrenseanleggene i Bergen, også for Garnes renseanlegg. Føre-var prinsippet må også gjelde når nye reguleringsplaner, som kan påvirke fjordmiljøet, skal vedtas.»

Med hilsen
Byrådsavdeling for byutvikling

Øivind Hauge Støle – seksjonssjef plan & transport
Anne Iren Fagerbakke - kommunaldirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til: ABO PLAN & ARKITEKTUR AS - Turid Verdal